

Osterøy kommune

Rådhuset

5282 Lonevåg

Tilsvar til klage på dispensasjon til planering av naustområde, etablering av kaifront og oppføring av fem naust på gnr. 87 bnr 1 i Hosanger

Viser til klage frå Hordaland fylkeskommune, dato 22.06.2018, referanse 2015/3451-21.

Viser også til klagen frå fylkesmannen i Hordaland, send 20.06.2018, med referanse 2018/1742 421.3, da denne støttar seg mykje på Hordaland fylkeskommune.

Kystverket hadde ingen merknadar til tiltaket.

Refsneset har ei rik historie med mykje aktivitet. Tidlegare aktivitet er dokumentert i fleire bøker. Blant anna «Ættebok for Hosanger» ved Askild Eknæs og «Ein våg me veit um» av Geir Kleiveland.


I Ætteboka kan ein lese; «I 1752 fekk Jacob Johannesen Holme bygsla hustuft på Nesit under Hoshovde». Refsneset har også blitt kalla Hoshovdeneset.

Ein kan også lesa at; «Josef Olsen hadde øltapperi på Hoshovdeneset i 1761.» Det var også øltapperi i 1764 og vidare godt inn på 1800-tallet.

I boka «Ein våg me veit um» er det satt av eit eige kapittel om næringsvirksomheten på Refsneset;

«Jon Larsson hadde eit naust her (Refsneset) der han turka materialen han trong til arbeidet i kisteverkstaden sin».

Seinare blei det etablert annan næringsvirksomhet på Refsneset, dette blei i hovudsak etablert av Cristoffer Tøsse. «Tøsse dreiv med ymse handel i Bergen, og han hadde tydeligvis store planar for Refsneset. Her sette han i gang med røykeri og laga mellom anna bøkling. Røykjeriet stod litt innanfor sjølve neset. Ansvaret for røykjeriet hadde eine sonen, Øistein Cristoffer. Han dreiv seinare i røykjeri i Bergen. Men viktigaste aktiviteten for Tøsse var skraphandel. Han frakta heim store mengder blykabel som vart brend for å reinska fram metallet. Metallet støypte han han om og selde vidare. Han bygde også kai der dampbåtane kunne leggja til for å lossa og lasta skrapjern og kabel.» Når dampskipskaien på Refsneset blei etablert var den omtrent lika stor så dampskipskaien i Hosanger sentrum og den stod heilt ytst på neset.



*Eit gammalt bilde så visar delar av bebyggelsen på Refsneset. Refsneset er til venstre i bildet. Det kvite huset er antageligvis bustadhuset på Refsneset. Bustadhuset stod eit stykke lengre ute på neset enn det naustområdet som er regulert i dag. Ein kan også skimta kaianlegget som stod ytst på neset.*

Bebyggelse og aktivitet på Refsneset har altså stor tidsdjupne og omfang.



Flyfoto av kyrkja og området rundt. Punkta så er markert med tall og forskjellige fargar visar kvar bileta (se under) er teke. Nord er oppe i biletet, og sør i nedre kant.



Biletet til venstre viser utsikta frå punkt nr. 1, markert med limegrøn farge lengst sør på flyfotoet. Legg merke til hekken så skjular for sjøkanten på motsett side av Mjøs vågen, men ikkje den enorme fjellskjæringa.



*Biletet til venstre viser utsikta frå punkt nr. 2, markert med lilla farge sør for sakristiet på flyfotoet. Her og ser ein i all hovudsak hekk og anna beplantning runt kyrkjegarden samt den høge fjellskjæringa.*



*Biletet over visar utsikta frå punkt nr. 3, markert med rosa farge på framsida av kyrkja.*



*Biletet til venstre viser utsikta frå punkt nr. 4, markert med kvit farge nord for naustrekka mellom kyrkja og sjø på flyfotoet. Legg merke til det kvite nauset med gul dør foran kyrkja. Dette nauset er bygd dei siste åra. Betongkaien, med utliggjar, er etablert seinare. Nauset stenger også korridoren mellom sjø og kyrkja.*



*Biletet over visar utsikta frå punkt nr. 5, markert med raud farge på det nordøstre hjørnet av kyrkja.*



*Biletet over visar utsikta frå punkt nr. 6, markert med turkis farge på det nordøstre hjørnet av kyrkja, litt lengre ned i adkomstvegen til kyrkja ifht bilde nr. 5.*



*Biletet over visar utsikta frå punkt nr. 7, markert med marine blå farge ved inngangsporten til gravplassen.*



*Biletet over visar utsikta frå punkt nr. 8, markert med blå farge, teke i avkjørselen til kyrkja sin parkeringsplass.*



*Biletet over visar utsikta frå punkt nr. 9, markert med olivengrøn farge, teke i på kyrkja sin parkeringsplass. Som ein ser så er fjellskjæringa veldig dominerande.*



*Biletet over visar utsikta frå punkt nr. 10, markert med grøn farge, teke i søre enden av kyrkja sin parkeringsplass. Også her ser ein kor dominerande fjellskjæringa er. Det er allereie begynt å gro fyllinga, dette vil bli enda betre når vi får lagt på eit skikkeleg jordlag og planta tre.*



For eit par år sidan blei det etablert nytt veganlegg gjennom Hosanger. I den forbindelse blei det etablert ei stor og brutal fjellskjæring utan nokon avbøtande tiltak. Eigar av veggen gjennom Hosanger er Hordaland fylkeskommune og statens vegvesen hadde ansvaret for bygginga av fjellskjæringa.



*Bilde som visar den skjemmande fjellskjæringa så blei etablert for eit par år tilbake. Dette tiltaket blei utført av statens vegvesen på eigedomen til Hordaland fylkeskommune, utan avbøtande tiltak. Ein kan sjå at det er begynt å gro fyllinga på vår eigedom. Med etablering av eit godt jordlag og planting av trær vil ein redusera inntrykket av fjellskjæringa sett i frå området rundt kyrkja.*

Vi har tilbydd oss å etablere fleire trær på vår eigedom som avbøtande tiltak for denne fjellskjæringa. Vi vil leggja jord på heile fyllinga til adkomstvegen slik at det kan etablerast grasdekke på denne. Vidare vil vi planta nye trær på vår side av grensa mellom gnr/bnr 87/1 og 92/11. Vi har innledda dialog med nokre svært dyktige landskapsarkitektar på korleis dette kan bli best mogleg. Foreløpig er det vurdert å planta både ask og selje. Begge desse er naturlege tresortar i området, der selja er litt tettare, men lågare enn asken. Asken er høgare enn selja, men ikkje så dekkande. Dette vil dekke delar av fjellskjæringa, spesielt sett i frå området rundt kyrkja.

Det må påpeikast at det i seinare år er etablert eit stort naust i skjemmande fargar, med slipp, betongkai og utliggar like foran kyrkja (vist på bilete nr. 4 over). Dette er eit stilbrudd med dei tradisjonelle nausta, og det like foran kyrkja. Dette tiltaket er, etter det vi erfarer, utført i fleire omgangar utan innvendingar frå Hordaland fylkeskommune og godkjend av Osterøy kommune.

Det har ikkje kome inn merknadar til nabovarselet så blei send ut når søknadsprosessen blei innledda.



*Tegningsskisse som visar korleis ein ser for seg at naustområdet på Refsneset blir sjåande ut i framtida.*

Det må også påpeikast at nausta skal etablerast med liggande trekledning og saltak med panner slik som alle dei andre nausta rundt Mjøsvågen. Kaifronten vil bli etablert i naturstein, noko så vil stå i stil med resten av det tradisjonelt naustmiljø.

Naustområdet på gnr/bnr 87/1 blei i si tid trekt tilbake frå neset og lengre inn på land for at det skulle takast hensyn til kyrkja. Ytst på Refsneset er det også naturleg vegetasjon i form av bjørk og ask, som dempar inntrykket av tiltaket.

Vi stiller oss undrande til at tiltaket er vurdert til å påverka området «...på ein svært negativ måte» når tiltaket er så lite synlig frå kyrkjegarden. Samtidig så tiltaket er vesentleg mindre skjemmande enn naust, med tilhørande konstruksjonar (stor slipp, betongkai og utliggjær i stål og plast), som er etablert like foran kyrkja. Vidare så vi tilbyr å gjøra avbøtande tiltak for det desidert mest skjemmande tiltaket i heile bygda, nemleg fjellskjæringa langs fylkesvegen. Rekkja med bilete over (frå nr. 1 til nr. 10) visar også at vårt tiltak er svært lite samanlikna med fjellskjæringa like sør for vår eigedom. Når ein legg teiningsskissa som visar korleis tiltaket vårt blir sjåande ut frå sjøkanten, er det vanskeleg å se at dette vil påverka området «...på ein svært negativ måte».

Vi tilrår at vedtaket så er gjort av kommunen vert ståande slik at vi kan kome i gang med arbeida på staden. Dette vil gjere tilgangen til at fleire i bygda kan bruka både sjø og sjøkanten enn det det er i dag. Det vil også vere eit kjærkome løft for vestsida av Mjøsvågen.

Med venleg helsing

Berge Andreas Hoshovde

Aksjeselskapet Hoshovde